

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Selskap: Helse Vest RHF
Dato skriven: 01.02.2006
Sakshandsamar: Ivar Eriksen og Torunn Nilsen
Saka gjeld: **Føringar for utveljing av styremedlemmer til styra i helseføretaka**

Styresak 013/06 B

Styremøte 08.02. 2006

Generelt

Styremedlemmene blir valde av føretaksmøtet. Etter vedtektene til helseføretaka skal føretaksmøtet og utpeike styreleiar og nestleiar.

Med bakgrunn i protokoll frå føretaksmøte for Helse Vest RHF 24.januar, skal det no gjennomførast ei tilpassing i helseføretaka sine styre. Eit fleirtal av eigaroppnemnde styremedlemmer skal oppnemnast blant noverande eller tidlegare folkevalde på kommune og fylkesnivå. For styra for helseføretaka i Helse Vest, legg føretaksmøtet til grunn at nye styrer med folkevald fleirtal skal vere utnemnde seinast innan 1. mai 2006.

Dei nye HF-styra vil i hovudsak få sju eigaroppnemnde styremedlemmer, av desse skal fire utnemnast av dei føreslådde folkevalde.

Kommunar og fylkeskommunar vil no bli inviterte til å føreslå styremedlemmar blant både noverande og tidlegare folkevalde. Gjennomføring av forslagsprosess og styresamansetting må gjerast som omtala i vedlegg til protokoll frå føretaksmøte 24. januar - retningslinjer for forslagsprosess og ny styresamansetting i helseføretak (vedlagt). Ein tek sikte på å oppnemne dei nye styra i føretaksmøte den 6. april 2006.

Helseføretakslova byggjer på ein føresetnad om at styret i helseføretaka skal vere eit kollegialt organ kor dei eigaroppnemnde styremedlemmene ikkje representerar nokon bestemte grupper eller interesser. Lova er vidare bygd på ein føresetnad om at styra blir sett saman på ein slik måte at dei har legitimitet i befolkninga, og at styret til saman innehar den naudsynte kompetanse til å ivareta det oppdrag og det ansvar styret er pålagt gjennom lovgiving og av eigar.

Lova inneheld ingen nærare kvalifikasjonskrav til styre si samansetting, men det er likevel rimeleg klart at føretaksmøtet vil vere forplikta til å sørgje for at styra får ei samansetting av personar som til saman har den breie kompetanse og evne til å leie føretaket som er naudsynt.

Viktige moment ved oppnemning av eit styre vil vere:

- tilstrekkelig samansatt kompetanse
- sikre kontinuitet og fornying
- sikre variasjon i kjønn, alder, utdanning og yrkesbakgrunn
- tid til å utføre styrevervet
- naturleg tilknytning til regionen

Kompetanse

Eit styre bør inneha følgjande kompetanse:

- relevant erfaring frå styrearbeid
- helsefagleg kompetanse og forskingskompetanse
- økonomisk kompetanse
- administrativ/organisatorisk kompetanse
- rolleforståing som styremedlem i eit dotterselskap i eit konsern
- evne til å balansere styret sitt arbeid/sine utspel for å sikra at føretaket skaper tillit og tryggleik hjå pasientar og innbyggjarar
- evne til å balansera ” i det opne landskap” der ein må ta omsyn til politiske føringar, krav frå eigar og forventningar frå tilsette og pasientar

Geografisk tilknytning

I helseføretakslova § 21 tredje ledd er det slått fast at i regionale helseføretak skal styremedlemmene som blir valde av føretaksmøtet, ha tilknytning til regionen. Grunngevinga for at det ble sett eit slikt krav i lova, var at det blei sett på som viktig at styra har kjennskap til den regionen dei skal tena.

Lova fekk ingen tilsvarande føresegn for styra i helseføretaka. Det betyr likevel ikkje at ein står heilt fritt med omsyn til styremedlemmane sin lokale tilknytning i eit kvart styre. Grunnen til at spørsmålet ikkje blei regulert i lova, var at dei same omsyna ikkje alltid ville gjere seg gjeldande i forhold til HF-styra som for RHF-styra. Eit helseføretak vil ikkje nødvendigvis tena eit bestemt geografisk område. Lovgivar såg at det kunne tenkjast å vere stor variasjon mellom helseføretak, og det ville derfor vere uhensiktsmessig å utforme ei lovføresegn om lokal forankring for styra i helseføretak. I førearbeida blei det likefullt uttalt at helseføretak som typisk utgjer eit lokalsjukehus, bør ha ei samansetting som har kjennskap til og tilknytning til det lokalmiljøet sjukehuset skal tena. I tillegg blei det i proposisjonen (Ot.prp. nr 66 2000-2001) understreka at ein la til grunn at dei regionale helseføretaka sjølv ville ivareta dette omsynet ved val av dei lokale HF-styra. Med dette som bakgrunn legg ein til grunn at det vil vere i samsvar med lova sine intensjonar dersom fleirtalet i styret i våre helseføretak blir sett saman av personar som kjem frå det området helseføretaket primært skal tena.

Av retningslinjene går det fram at det skal takast særleg omsyn til det einskilde helseføretak sitt befolkingsmessige nedslagsfelt.

Representasjon av begge kjønn

I retningslinjene er det lagt vekt på at gjeldande krav til kjønnsbalanse skal ivaretakast.

Det er ikkje tatt inn føresegnar om kjønnsmessig representasjon i lova. Når vi vel styre for helseføretaka skal føresegnene i likestillingslova § 21 følgjast. Føresegna krev at kvart kjønn skal vere representerte i styret med minst 40 %. Dette vil gjelde dei eigarvalde styremedlemmane.

Kontinuitet og fornying

Som nemnd ovanfor er sikring av kontinuitet og fornying viktige moment ved oppnemning av eit styre. Ein måte å ivareta både desse omsyna er å sørge for ulik valperiode for delar av styret.

Ein annan måte å skape kontinuitet på og som i tillegg vil kunne gje nyttig kompetanseoverføring, kan vere å flytte styremedlem frå eit helseføretak til eit anna. Ei slik løysing er likevel ikkje heilt uproblematisk ettersom ein då kan kome i konflikt med dei intensjonane om geografisk tilhøyring som er uttale i Ot.prp. nr. 61 (2000-2001), jf. ovanfor.

Habilitet – potensielle kommersielle interesser

Helse- og omsorgsdepartementet har i brev av 10. juni 2005 klargjort at personar med potensielle kommersielle interesser som anten sjølv leverer, arbeider eller har sentrale posisjonar i selskap som

leverer konsulent- eller advokattenester til føretak, ikkje vil vere aktuelle som styremedlemmer i helseføretak.

Styrerepresentasjon i eigne HF for tilsette i Helse Vest RHF

Departementet gjer ikkje nokon endringar på dette punktet no. Som tidlegare vil det bli lagd til grunn at tilsette i Helse Vest RHF som direkte forvaltar "sørge for"-ansvaret, ikkje deltek i styre for underliggjande helseføretak.

Partipolitisk tilknyting – Oppnemning av folkevalde

Som nemnt innleiingsvis i saka er det eit krav frå eigar at fleirtalet av dei eigaroppnemnde styrerepresentantane skal vere aktive eller tidlegare folkevalde.

I retningslinjene er det presisert at ny styresamansetting ikkje skal vere basert på nokon form for representativitet, men i og med partipolitisk tilknyting er eit av dei områda ein skal kategorisere dei føreslådde kandidatane etter, må ein anta at det er ønskjeleg med ein viss partipolitisk spredning.

Brukarkompetanse

Helse- og omsorgsdepartementet legg stor vekt på brukarmedverknad i regionale helseføretak og helseføretak. Departementet har likevel understreka at styremedlemmer ikkje skal representere nokon spesiell gruppe, men ha eit heilskapleg syn på styret sitt arbeid. Det er difor ingen særskilte krav til brukarrepresentasjon eller pasienterfaring i styra.

Tenestetid - Opphør av styreverv før tenestetida er gått ut

Helseføretakslova slår i § 24 fast at tenestetida for styremedlemmer er 2 år dersom ikkje anna er bestemt i vedtektene. Vedtektene for helseføretaka inneheld ingen slik regulering.

Helseføretakslova gir i § 25 andre ledd føretaksmøtet heimel til når som helst å gjere endringar i den eigaroppnemnde styresamansettingen. Dette inneber at føretaksmøtet alltid vil kunne avsetje heile eller delar av styret utan omsyn til den normale tenestetid etter § 24. Ein gjer særskilt merksam at ei slik avgjerd ikkje krev nokon bestemt grunn.

Det kan og nemnast at denne føresegna er ufråvikeleg i den forstand at det ikkje er anledning til å avgrense retten til avsetting i vedtektene. Eit styremedlem kan heller ikkje med rettsverknad reise innvendingar mot at ein blir løyst frå vervet sitt eller på annan måte krevje å bli sitjande i stillingen inntil utløpet av den fastsette funksjonstid.

Nye styre i helseføretaka innan 1. mai - prosessen vidare

Neste styremøte i Helse Vest RHF er 15. mars. Føretaksmøte i HFa er planlagt til 6. april.

Dersom styret ønskjer å behandle forslag til nye styre for HFa, må fristen for forslag setjast til 1. mars.

Dette kan synast som noko kort frist. Alternativt må styret vere innstilt på å ta eit ekstraordinært styremøte/telefonstyremøte. Det vil sjølvsgd og vere mogleg å flytte påføretaksmøta, men det vil skape store utfordringar for svært mange.

Styret bør og drøfte prosess for utveljing av nye styremedlemmer i helseføretaka.

Forslag til vedtak:

1. Helse Vest sender ut invitasjon til kommunar og fylkeskommunar til å fremme forslag til kandidatar til styra i helseføretaka i tråd med føringar i vedlegg til protokoll for føretaksmøte i Helse Vest RHF 24. januar 2006.
2. Fristen for å melde inn forslag blir sett til.....
3. Vurderingane i dette saksførelegget blir lagt til grunn for samansetting av dei nye styra i helseføretaka

Vedlegg:

- Vedlegg til protokoll frå føretaksmøte Helse Vest RHF 24. januar 2006 – ”Retningslinjer for forslagsprosess og ny styresammensetning i helseforetak, jfr sak 4.1.1 Nye styrer for Helse Vest RHF's underliggende helseforetak”